



# Årsmøtedokument

## Årsmøte i NJFF Sogn og Fjordane, Thon Hotel Jølster 28.03.2025

### Innhold

Program årsmøte.....	2
Sakliste.....	3
Styret sine framlegg til vedtak.....	4
Sak 1, konstituering av årsmøtet.....	4
Sak 2, årsrapport 2024 .....	4
Sak 3, Rekneskap 2024.....	5
Sak 4, Innkomne forslag.....	5
Sak 5, Andre saker styret har sett opp.....	5
Sak 6a), Årsplan 2025 .....	5
Sak 6b), Budsjett 2024.....	9
Sak 7, Val av styre 2025.....	10
Sak 8, Val av valnemd .....	12
Sak 9, Val av revisorar .....	12
Vedtekter.....	13
NJFF sentralt.....	15
Regionlag .....	22
Lokalforeiningar og -lag .....	26

## Program årsmøte

### **Fredag 28. mars**

- Kl 17.00 Noko å bite i
- Kl 17.30 Årsmøtesaker
- Kl 19.00 Kaffepause
- Kl 19.30 Høgfoss og Fallan Jaktfilmer
- Kl 21.00 Festmiddag

### **Laurdag 29.mars TILLITSVALGTSAMLING**

- Kl 08.30 Nytt frå NJFF  
Ved Alf Erik Røyvik, Forbundsstyret i NJFF
- Kl 09.15 Pause
- Kl 09.30 Gaular jfl: reetablering av lokallag.  
Ved Susanne Paulsen
- kl 09.50 Hyllestad jfl: korleis vi driftar laget  
ved Jan Erik Søreide og Henning Skjalg Fureli
- Kl 10.10 Gruppeoppgåver.  
Pause når det passar
- Kl 11.45 Lunsj
- Kl 12.30 Presentasjon av gruppeoppgåver
- Kl 13.00 Pause
- Kl 13.15 **FRILUFTSLIVETS ÅR**

Psykisk helse og jakt, fiske og friluftsliv  
Ved psykolog Per Steinar Melås

Mat i friluft. Tips og idear til kva ein kan lage i på bålpanna og grillen når lokallaga har aktivitetar ute. Smaksprøver.  
Ved Sigrid Henjum

Ca Kl 16. Trekning av «til-stade»-premie, alle skriv namnet sitt på ein lapp og legg i hatten.  
Trekker ut 3 pengepremiar. Heimreise

Programmet kan bli endra.

## Sakliste

1. Konstituering av møtet.
  - Godkjenning av representantar
  - Godkjenning av innkalling
  - Godkjenning av dagsorden
  - Godkjenning av forretningsorden
  - Val av ordstyrar
  - Val av sekretær
  - Val av teljekorps
  - Val av to delegatar til å underskrive protokollen
2. Årsberetning 2024
3. Revidert rekneskap 2024
4. Innkomne saker med styret sine forslag til vedtak.
5. Andre saker som styret har ført opp på dagsorden.
6. Styret sine forslag til årsplan og budsjett 2025.
7. Val av styre i samsvar med § 6, regionlaget sitt styre.
8. Val av leiarar til årsmøteopnemde utval
9. Val av valnemnd på tre medlemmer, inkludert leiar, geografisk fordelt så langt som mogleg. Medlemene veljast for tre år, rullerande slik at éin person er på val kvart år.
10. Val av revisor(ar) og vararevisor for eitt år.

## Styret sine framlegg til vedtak

### Sak 1, konstituering av årsmøtet

Godkjenning av representantar

Årsmøtet tek stilling til om alle delegatar har godkjenning til å stemme.

Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling med førebels program vart utsendt 27.01.25. I fylgje regionlaget sine vedtekter skal årsmøtet kallast inn med 8 vekers skriftleg varsel. Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, eventuelt vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 1 veke før årsmøtet.

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Innkalling og styret sitt framlegg til sakliste vert godkjend.*

Godkjenning av forretningsorden

Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

1. Talerett har alle valde årsmøtedelegatar, regionlagstyret, regioninstruktørar, regionsekretær og gjester
2. Forslags- og røysterett har alle valde årsmøtedelegatar og regionlagstyret. Dersom regionlaginstruktørar møter som representant for eit lag har dei røysterett. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsberetning og rekneskap. Ingen har meir enn ei røyst.
3. Forslag på vedtak skal leverast møteleiar skriftleg og underteikna, men før strek er sett. Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppført på saklista kan behandlast. For seint innkomne forslag kan ikkje behandlast.
4. Dersom ikkje anna er bestemt, vert alle saker avgjort med alminneleg fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal ha loddrekning. Vala skal vere skriftlege dersom nokon av representantane krev det. Ved endring av vedtektene, krevst 2/3 fleirtal
5. I protokollen skal det førast inn dei som har hatt ordet i saka, innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Styret sitt framlegg til forretningsorden vert godkjend.*

### Sak 2, årsrapport 2024

Sjå «Årsrapport 2024»

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Årsrapporten vert godkjend.*

Sak 3, Rekneskap 2024  
Sjå rekneskap i Årsrapport 2024

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**  
*Rekneskapen vert godkjend.*

Sak 4, Innkomne forslag  
Ingen innkomne saker

Sak 5, Andre saker styret har sett opp  
Styret har ikkje sett opp saker.

Sak 6a), Årsplan 2025

Visjon og mottoet «Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid» er overordna for planar i NJFF.  
Handlingsprogrammet som er vedtatt på landsmøte ligg til grunn for årsplanen.

Eit av måla er å sikre gode rammevilkår for jakt, fiske og friluftsliv, og få aksept i samfunnet for våre interesser.

Vi skal vere synlege i samfunnet og påverke i saker som er viktige for NJFF.

Vi skal bidra til å auke interesse for jakt, fiske og friluftsliv og sikre gode medlemstilbod.

Eit av hovudmåla til regionlaget er å spele lokallaga gode: støtte, gje råd, koordinere aktivitetar, tilbod som manglar i lokallaga? Større regionale arrangement.

<b>2.1 Medlemsfordelar og tenester</b>		
Medlemsfordelar	Vidareføre: Administrere hjortejakt til Allstad Laksefiske for ungdom i Ommedalselva Skytesimulator Lunde Laksefiske i Gaular Erdal Sport, Våpenloftet, Chatlet Sport på Sandane og Eid.	Bjørnar Jan Erik Reidun Jøran Reidun
Medlemsprisar	På nesten alle kurs og aktivitetar som regionlaget tilbyr, skal ein ha medlem – ikkje-medlemspris	Alle
Marknadsføre medlemsfordeler	På nettside, sosiale medier og nyhendebrev	Reidun Frode/alle
<b>2.2 Kommunikasjon og marknadsføring</b>		
Kommunisere med medlemer og andre	Facebook, instagram -alle aktivitetar og etter aktivitet, samt fagsaker. Alle ta meir film frå alle aktivitetar, lage snuttar som vi legg ut.  Nettside, nyhendebrev på e-post	Alle  Reidun
Mediaverksemd	Annonse aktivitetar Pressemeldingar, intervju for å fremme synspunkt og fagsaker.	Reidun Dei ansvarlege

<b>2.3 Barn og unge</b>		
Friluftsliv for barn og unge	Følgje opp	Håkon / Reidun
Samling for ungdomsleiarar		Jan Erik
Friluftsløir for ungdom	Nesholmen 13.-15. juni	Jan Erik
Følgje opp og halde kontakt med lokale ungdomsansv.	Telefon, e-post, teamsmøte	Jan Erik
Sentral samling	Delta på sentral ungdomsleiararsamling	Jan Erik
Informere om midler	Informere lokallaga om midler ein kan søke på til aktivitetar for barn og unge	Reidun
<b>2.4 Kvinner</b>		
Følgje opp og halde kontakt med lokale kvinnekontakter	Telefon, e-post, teamsmøte	Torunn
Jentesamling	Hafslo, 24-25.januar	Wenche
Aktiviteter for kvinner	Havfiske for damer 5-6.april, Ålesund	Randi
	Hjortejakt for damer 19-21.sept, Naustdal	Torunn
	Småviltjakt for damer 3-5.okt, Aurland	Marte
Sentral samling	Delta på sentral kvinnekonferanse	Torunn
Informere om tilskot	Informere lokallaga om midler ein kan søke på	Reidun
<b>2.5 Organisasjon</b>		
Styremøter	1 i kvar mnd utenom juli	Håkon
1 styremøte i Årdal	Med overnatting, besøk lokallag. 9-10. mai	Håkon
Tillitsvaldsamling	For alle tillitsvalde i LL, saman m/årsmøte	Håkon
Årsmøte	28-29. mars Thon Hotel Skei. Årsmøte fredag. Laurdag tillitsvalgtsamling med trekkplaster.	Håkon
Planleggingsdag	Planlegg 2026. Skei, 30.oktober	Reidun
Kontakt med lokallaga	Teamsmøter, telefonar, besøk	Alle
FNF	Medlem i styret	Henning, Terje (vara)

<b>2.6 Opplæringsverksemd</b>		
Grunnkurs jakthund	15.-16. mars, Skei	Ann/Reidun
<b>2.7 Ålmenta si tilgong til jakt og fiske</b>		
Samarbeid Allstad	Fortsetje samarbeidet med Allstad (tidlegare OVF) om hjortejakt	Bjørnar
Inatur	Legge ut tilbud på inatur oppfordre lokallaga til å bruke inatur	Reidun
<b>2.8 Jakt og viltforvaltning</b>		
Rekruttering / aktivitetar	Harejakt med hund 22.febr. Gloppen	Bjørnar
	Minkjakt 8. mars, Kinn	Alf Erik
	Minkjakt 9.mars, Kinn	Alf Erik
	Bandhundkurs hjortevilt 23-23.august, Gulen	Bjørn
Forvaltning	Viltseminar 7-8.febr., Skei	Bjørnar/jakt
Rovvilt	Delta i kontaktutvalet for rovvilt	Bjørnar/jakt
Høyringar	Sakshandsaming innan jakt og vilt	Bjørnar/jakt
Villrein	Følgje opp dialog med lokallaga og utfordringar for villreinen i Sogn og Fjordane	Reidun
Trofemåling		Knut/Vidar
<b>2.9 Fiske og vannforvaltning</b>		
EU's vassdirektiv	Deltakar vassområde Sogn og Fjordane	Jøran
Høyringar	Sakshandsaming innan fisk og forvaltning	Jøran
Vilkårsrevisjonar	Følgje opp og uttale til forbetringar	Jøran
Aktivitetar	Oppfordre lokallaga til fiskekurs med samarbeidspart	Jøran
<b>2.10 Jaktskyting og våpen</b>		
Terminliste	Oppsett, sept/oktober Bestille premiar – jan/februar Sogn og Fjordane Cup. NB! Bestille premier Våpenloftet cup	Jaktsk.utv.
<b>2.11 Jakthund</b>		

Aktiviteter	Nybyrjarsamling fuglehund 15.febr,Gaularfjell	Adele
	Klubbmeisterskap fuglehund 16.febr. Gaularfj	Adele
	Ettersøksseminar 7- 9. mars, Skei	Ann Kristin
	Gaularfjellprøven 28.febr-2. mars, Gaularfjell	Jonas
	Høstprøve 28.sept	Jonas
	Sjå fleire pkt under jakt	
Sporprøver	Blodspor- og ferskporprøver til godkjenning av ettersøkshund	Prøve- dommarar
Lowverk	Følgje med forskrifter om bandtvang, hundelov	Styret
<b>2.11 Miljø- og energipolitikk</b>		
Miljøstrategi	Følgje opp strategien frå sentralt	Alle
Forvaltning leveområde	Følgje med på arealplanar, hyttebygging, kraft etc.	Styret
<b>2.12 Administrasjon</b>		
Økonomi	Søkje og rapportere midler	Reidun
	Utarbeide budsjett, budsjettstyring	Styret /alle

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**  
 Årsplanen vert godkjend.



## Sak 6b), Budsjett 2024

### EGENKAPITAL OG GJELD

2770 - Skyldig arbeidsgiveravgift	3 000
Sum EGENKAPITAL OG GJELD	3 000

### SALGS- OG DRIFTSINNTEKT

3100 - Kontingentandel	-430 000
3110 - Deltakaravgift	-402 475
3400 - Tilskot frå NJFF	-41 000
3402 - Utviklingsavtale Driftstønad	-150 000
3403 - Utviklingsavtale Rekruttering	-50 000
3404 - Utviklingsavtale Human jakt	-100 000
3405 - Utviklingsavtale Småviltforvaltning	-50 000
3411 - Grasrotandel	-1 100
3420 - Momsrefusjon	-70 000
3550 - Loddsal	-4 000
3620 - Annen leieinntekt	-3 000
Sum SALGS- OG DRIFTSINNTEKT	-1 301 575

### LØNSKOSTNAD

5000 - Lønn til ansatte	86 400
Sum LØNSKOSTNAD	86 400

### ANNEN DRIFTSKOSTNAD

6300 - Leie lokale	150 250
6301 - Leige av terreng	76 250
6500 - Kjøp av utstyr, inventar	109 000
6510 - Kjøp av premiar	100 500
6551 - Datautstyr	10 000
6552 - Systemkostnader	35 000
6620 - Reparasjon og vedlikehold maskiner og utstyr	5 500
6700 - Revisjons- og regnskapshonorar	10 000
6705 - Regnskapshonorar	25 000
6710 - Annonse	15 000
6800 - Kontorrekvisita	11 000
6850 - Kursutgifter	57 300
6851 - Kjøp av aktivitet	39 875
6860 - Mat, overnatting, Møte, kurs o.l.	354 990
6900 - Mobiltelefon og internett	30 000
6940 - Porto	3 000
7100 - Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	180 200

7140 - Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	37 000
7461 - Overføring til bufferkonto LertsReg	5 000
7500 - Forsikringspremie	3 000
7770 - Bank- og kortgebyr	3 000
7778 - gebyr deltager/LertsReg/iNatur	15 000
Sum ANNEN DRIFTSKOSTNAD	1 275 865
<b>Finans</b>	
8051 - Renteinntekter	-100 000
Sum Finans	-100 000
<b>Resultat</b>	<b>-36 310</b>

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**  
*Budsjettet vert godkjent*

## Sak 7, Val av styre 2025

### CV Terje Johansen innstilt til attval som nestleiar

Bustad - Florø.

Lokallag - Flora jff.

Interesser innan jakt, fiske og friluftsliv - Ivrig hjortejegar, og har reist på diverse jakt i både inn- og utland. Mellom anna villsvin, rådyr, rein og dåhjort. Lite fuglejakt, men brukar mykje tid på å fiske både på sjøen og i ulike fjellvatn i nærrområde.

Lags- og organisasjonsarbeid:

Nestleiar i Flora jff.

Instruktør på riflebane.

Instruktør på jegerkurs.

Styremedlem i Florø motorsportsklubb sidan 2018.

Ungdomskontakt i Flora skytterlag sidan 2019.

1.vara/nestleiar Sogn og Fjordane jff 2022/2023.

### CV Jan Erik B. Søreide innstilt til attval som ungdomsansvarleg

Bustad - Lavik i Høyanger.

Lokallag – Hyllestad jfl

Interessar innan jakt, fiske og friluftsliv - Er lidenskapeleg hjortejegar, men har og erfaring frå reinsdyrjakt og rådyrjakt.

Fiskar mykje i Sognefjorden. Har og fleire fjellvatn på eigen eigedom der vi fiskar mykje aure.

Har og starta med litt fellefangst i år.

Lags- og organisasjonsarbeid:

Jobbar i dag i Østerbø Maskin AS og er med i leiargruppa der.

Er leiar i Solnipa Storvald, hjortejakt-vald på Høyanger Sørside.

Er med i det lokale brannvesenet. Høyanger Sørside og Lavik.

Eg synast at det er kjekt å arrangere arrangement, få ting til å skje og samle folk.

Eldre erfaring er mange års medlem i 4H, med alle styreverv. Hadde oppgåva «Jakt og friluft» bortimot alle år.

Elevrådsleiar og russepresident.

### **CV Jon Even Fossheim innstilt som ny fagansvarlig fisk**

Bustad - Sandane.

Lokallag - GJFL.

Interesser innan jakt, fiske og friluftsliv - Aktiv fiskar heile livet med eit ekstra hjerte for anadrom og ferskvannsfisk. Høgdepunktet på året er og har alltid vore friluftsliv for ungdom på Nesholmen. Eg tar jegerprøvekurs hos Hyen JFL no, og gledar meg til hausten!

Lags- og organisasjonsarbeid:

Styremedlem, bLAN Interesseorganisasjon [2012 - 2020]

Styremedlem, Elevorganisasjonen S&Fj [2013 - 2014]

Leiar, Bukta 4H [2014 - 2015]

Fiskeinstruktør på leir (med få avviksår) [2013 - noverande]

Gruppeleiar, Bergen Røde Kors [2022-2023]

Vara, Gloppen Jeger og Fiskarlag [2024 - noverande]

### **CV Ingrid Leknes Nygård innstilt som ny 1.vara**

Bustad: Jølster

Lokallag: Førde jakt og fiske

Interesser: Leidueskyting og hund. Tok jegerprøva 2024.

Utdanning: Sosionom og hundetrenar- og instruktør.

### **CV Frode Ølmheim innstilt til gjenvæl som 2. vara**

Bustad - Leikanger. Lokallag - Leikanger jfl.

Interesser innan jakt, fiske og friluftsliv- Lidenskap for jakt, fiske og friluftsliv. Interesse starta då han var mykje med besteforeldra på fiske og fellefangst frå han var liten gut. Har jakta ein del småvilt tidlegare, men no er det hovudsakleg hjortejakt det går i, samt fellefangst av mår. Er med på lokallagets opplegg for opplæringsjakt for nye jegarar. Er aktiv innan skyting, både DFS, hagle og jaktfelt.

Lags- og organisasjonsarbeid:

Jakthund grunnkurs

NJFF Aversjonsinstruktør

NJFF Hagleinstruktør

NJFF Rifleinstruktør

Valkomiteen i Leikanger jfl.

Vara i NJFF Sogn og Fjordane 2022-

Frode har lang bakgrunn frå fotballen. Han har hatt eit rekke verv i klubbane Norane, Sogndal og Syril.

Samt vore leiar i ungdomsutvalet til Sogn og Fjordane fotballkrets i perioden 2000-2002.

Han har også vore fotballdommer på fylkesnivå i 20 år, 5 av disse også på nasjonalt nivå.

**Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**

- Leiar ikkje på val
- Nestleiar veljast for 2 år
- Økonomiansvarleg ikkje på val
- Barne- og Ungdomsansvarleg veljast for 2 år
- Kvinnekontakt ikkje på val
- Fagansvarleg Fisk veljast for 2 år
- Fagansvarleg ikkje på val
- 1. varamedlem veljast for 1 år
- 2. varamedlem veljast for 1 år

Håkon Huseklepp, Førde jfl

**Attval:** Terje Johansen, Flora jff

Renate Dahl Gjelsvik, Førde jfl

**Attval:** Jan Erik B. Søreide, Hyllestad jfl

Torunn Rygg, Førde jfl

**Ny:** Jon Even Fossheim, Gloppen jfl

Bjørnar Eikenes, Gloppen jfl

**Ny:** Ingrid Leknes Nygård, Førde jfl

**Attval:** Frode Ølmheim, Leikanger jfl

Sak 8, Val av valnemnd

**Styret sitt framlegg til vedtak:**

Valnemnd, leiar, 1 år att

Valnemnd, medlem 2 år att

Valnemnd, medlem, veljast for 3 år

Geir Haukaas, Førde jfl

Torger Eimhjellen, Hyen jfl

**Ny:** Henning Haugholt, Flora jff

Sak 9, Val av revisorar

**Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**

Revisor Veljast for 1 år

Revisor vara Veljast for 1 år

Kåre Stokkevåg

**Ny:** Ingunn Loen Sunde

## Vedtekter

# Vedtekter for Norges Jeger- og Fiskerforbund

Vedtatt av NJFFs landsmøte 15.–17. november 2024

## Innhold

<b><u>NJFF sentralt</u></b> .....	<b>15</b>
<u>§ 1 Namn</u> .....	15
<u>§ 2 Føremål</u> .....	15
<u>§ 3 Medlemskap i NJFF</u> .....	15
3.1 <u>Medlemskategoriar</u> .....	15
3.2 <u>Medlemskontingent</u> .....	15
3.3 <u>Suspensjon og eksklusjon</u> .....	16
<u>§ 4 Organisasjonen</u> .....	16
<u>§ 5 Lokalforeiningar og -lag</u> .....	16
5.1 <u>Opptak av nye foreiningar</u> .....	16
5.2 <u>Tilhøyrse</u> .....	16
5.3 <u>Opphøyr av medlemskap</u> .....	17
<u>§ 6 Regionlag</u> .....	17
<u>§ 7 Landsmøtet</u> .....	17
<u>§ 8 Landsmøtet sine plikter</u> .....	18
<u>§ 9 Representantskapet</u> .....	18
<u>§ 10 Representantskapet sin forretningsorden</u> .....	18
<u>§ 11 Representantskapet sine plikter</u> .....	18
<u>§ 12 Forbundsstyret</u> .....	19
<u>§ 13 Forbundsstyret sine plikter</u> .....	19
<u>§ 14 Domsutval</u> .....	20
<u>§ 15 Domsutvalet si samansetjing og utnemning</u> .....	20
<b><u>Regionlag</u></b> .....	<b>22</b>
<u>§ 16 Spesielle reglar for regionlaga</u> .....	22
1. <u>Regionlaget sitt namn</u> .....	22
2. <u>Føremål</u> .....	22

3.	<u>Regionlaget sine leiande organ</u> .....	22
4.	<u>Regionlaget sitt årsmøte</u> .....	22
5.	<u>Ekstraordinært årsmøte</u> .....	23
6.	<u>Regionlaget sitt styre</u> .....	24
7.	<u>Styret sitt arbeid</u> .....	24
8.	<u>Regnskapsrevisjon</u> .....	25
9.	<u>Oppløysing av regionlag</u> .....	25
10.	<u>Vedtaksendingar</u> .....	25
	<b><u>Lokalforeiningar og -lag</u></b> .....	<b>26</b>
	§ 17 <u>Spesielle reglar for foreiningar og lag</u> .....	26
1.	<u>Namn</u> .....	26
2.	<u>Føremål</u> .....	26
3.	<u>Styrande organ</u> .....	26
4.	<u>Årsmøte</u> .....	26
5.	<u>Ekstraordinært årsmøte</u> .....	27
6.	<u>Styret</u> .....	27
7.	<u>Styret sine plikter</u> .....	28
8.	<u>Rekneskapsrevisjon</u> .....	28
9.	<u>Vedtaksendingar</u> .....	28
10.	<u>Utmelding av NJFF</u> .....	29
11.	<u>Oppløysing av foreininga/laget</u> .....	29
12.	<u>Andre føresegner</u> .....	29
	§ 18 <u>Lokale endringar/tillegg</u> .....	30
	<b><u>Andre føresegner</u></b> .....	<b>30</b>
	§ 19 <u>Organisasjonen sitt rekneskapsår</u> .....	30
	§ 20 <u>Endring av vedtektene</u> .....	30
	§ 21 <u>Forbundet si oppløysing</u> .....	30
	§ 22 <u>Ikraftsetjing</u> .....	30

---

## NJFF sentralt

### § 1 Namn

Organisasjonen sitt namn er Norges Jeger- og Fiskerforbund, forkorta NJFF.

### § 2 Føremål

NJFF er ein demokratisk, partipolitisk nøytral, landsomfattande medlemsorganisasjon som skal arbeide fagleg og politisk for interesser innan jakt, fiske og anna friluftsliv.

NJFF skal arbeide for å sikre allmenta sin tilgang til naturen, berekraftig hausting, god naturforvaltning og vern av miljøet.

NJFF skal vere den viktigaste kunnskapsformidlaren og tradisjonsberaren innan jakt og fiske i samfunnet og arbeide for god rekruttering.

NJFF sitt arbeid skal bidra til god livskvalitet og helse i befolkninga.

### § 3 Medlemskap i NJFF

Alle personar med interesse for jakt, fiske, anna friluftsliv og naturforvaltning kan bli medlem i NJFF gjennom ei lokalforeining / eit lokallag eller som direktemedlem i forbundet utan tilknytning til foreining.

#### 3.1 Medlemskategoriar

- Hovudmedlemskap med tidsskrift
- Barne- og ungdomsmedlemskap med tidsskrift
- Barne- og ungdomsmedlemskap utan tidsskrift
- Pensjonist-/uføremedlemskap med tidsskrift
- Sidemedlemskap utan tidsskrift
- Æresmedlemskap med tidsskrift
- Familiemedlemskap med tidsskrift
- Direktemedlemskap med tidsskrift

Barne- og ungdomsmedlemskap gjeld for barn og ungdom til ein fyller 26 år.

Pensjonist-/uføremedlemskap gjeld for alderspensjonistar frå fylte 67 år og for uføretrygda.

Sidemedlemskap kan opprettast av personar som har medlemskap i anna foreining.

Familiemedlemskap gjeld for inntil to vaksne og eit ubestemt tal barn under 26 år i same husstand.

Alle foreiningsmedlemmar som har fylt 14 år, har fulle demokratiske rettar i organisasjonen.

#### 3.2 Medlemskontingent

Landsmøtet fastset kontingenten for dei ulike medlemskategoriane med låg/middels/høg sats for dei kategoriane som har dette. Kontingenten blir betalt på forskot for dei neste tolv månadene.

Kontingenten blir kravd inn av NJFF sentralt. Andel av den innbetalte medlemskontingenten til

regionlag og lokalforeiningar blir refundert. Sentralt utnemnde æresmedlemmar betaler ikkje kontingent.

### 3.3 *Suspensjon og eksklusjon*

Medlemmar som bryt jakt- og/eller fiskelovgivinga, eller på annan måte gjennom si åtfærd alvorleg skadar organisasjonen, kan bli suspenderte eller ekskluderte frå medlemskapet. I alle saker som kan ende med sanksjonsvedtak, skal medlemmen få høve til kontradiksjon. Vedtak om eksklusjon eller suspensjon frå medlemskap kan ankast til NJFF sitt domsutval.

Etter vedtak i lokalforeiningar kan desse tilrå overfor forbundsstyret at vedtaka, for dei sakene som ikkje endar i domsutvalet, skal gjelde for heile organisasjonen.

Forbundsstyret kan på eige initiativ gjere vedtak om eksklusjon og suspensjon både av enkeltmedlemmar og lokalforeiningar.

## § 4 Organisasjonen

Forbundet består av:

1. Lokalforeiningar og -lag
2. Regionlag
3. NJFF sine sentrale valde organ
4. Eit uavhengig domsutval

Forbundet sine besluttande organer:

1. Landsmøtet
2. Ekstraordinært landsmøte
3. Representantskapet
4. Forbundsstyret

## § 5 Lokalforeiningar og -lag

### 5.1 *Opptak av nye foreiningar*

Foreiningar som ønskjer opptak i NJFF sender søknad til NJFF sin administrasjon, som vidareformidlar søknaden til regionlaget for uttale. Eksisterande foreiningar i same kommune skal få rett til uttale under handsaming av søknaden. Søknaden blir deretter sendt til forbundsstyret, som fattar vedtak.

Det blir kravd at foreininga blir registrert i Einingsregisteret og Frivillighetsregisteret. Vidare er det ein føresetnad at den nye foreininga ved innmelding skal ha minimum 15 medlemmar og vere open for alle som ønskjer medlemskap etter § 3. Foreininga kan søke forbundsstyret om unntak frå kravet om storleik ved spesielle tilhøve som gjeld geografi og folketal.

### 5.2 *Tilhøyrse*

Ei foreining må vere tilslutta forbundet med alle sine medlemmar. Foreiningar arbeider innan sine geografiske område for å fremje forbundet sitt føremål og er forplikta til å støtte forbundet si verksemd. Foreininga er forplikta til å følgje alle vedtekter vedtekne av landsmøtet.



### 5.3 Opphøyr av medlemskap

Dersom ei foreining ikkje er i stand til å oppretthalde drifta i samsvar med punkt 5.1, eller ikkje oppfyller krava i punkt 5.2, bør regionlaget sitt styre kalle inn til ordinært eller ekstraordinært årsmøte og eventuelt fremje forslag for forbundsstyret om oppløysing eller eksklusjon av foreininga.

Foreiningar som vesentleg mislegheld sentrale føresegner i vedtektene, eller ikkje er tilslutta og held Einingsregisteret og Frivilligheitsregisteret oppdatert årleg, vil bli føreslått ekskluderte av forbundsstyret.

Regionlaget skal uttale seg før saka blir fremja for forbundsstyret for vedtak.

## § 6 Regionlag

Alle foreiningane som er tilslutta i ein region, utgjer NJFF sin regionorganisasjon. Foreiningar som dekkjer meir enn éin kommune, kan berre høyre til eitt regionlag.

Regionlaga skal følgje fylkesgrensene slik dei var per 31.12.2017. Unntak kan gjerast i fylke der alle regionlaga ønskjer det.

Regionlaga skal arbeide for å koordinere foreiningane si verksemd og hjelpe forbundet i alle spørsmål som vedkjem regionen.

Dersom eit regionlag ikkje er i stand til å oppretthalde drifta, skal forbundsstyret kalle inn til ekstraordinært årsmøte.

## § 7 Landsmøtet

1. Landsmøtet er forbundet si høgaste myndigheit. Ordinært landsmøte skal haldast kvart tredje år på stad og tidspunkt som blir fastsett av forbundsstyret.
2. Ekstraordinært landsmøte blir halde når forbundsstyret bestemmer det, eller når minst 1/3 av regionlaga krev det. Ekstraordinært landsmøte blir kalla inn med minst tre månaders varsel. Talet på landsmøtedelegatar og val av desse skjer som ved ordinært landsmøte. Berre saker som står på dagsordenen kan handsamast.
3. Landsmøtet består av 150 landsmøtedelegatar som blir valde på regionlaga sine årsmøte. I tillegg til delegatane møter representantskapet og forbundsstyret sine medlemmar med fulle rettar. Forbundet sine æresmedlemmar blir inviterte til å delta på landsmøtet med tale- og framleggsrett.
4. Representasjon til landsmøtet blir gitt på grunnlag av talet på innbetalte medlemskontingentar året før landsmøtet blir halde. Forbundet gir på førehand melding til regionlaga om talet på landsmøtedelegatar den aktuelle regionen har rett til å velje.
5. Oversikt over delegatar til landsmøtet må vere sendt inn til forbundet seinast fem månader før landsmøtet samlast.
6. Ordinært landsmøte skal kallast inn seinast eitt år før landsmøtet samlast. Innkallinga blir sendt til regionlag og foreiningar og skal innehalde ein førebels dagsorden. Forslag som ønskjast handsama av landsmøtet, må vere vedtekne og sende inn av ei foreining, eit regionlag eller forbundsstyret. Desse må ha kome inn til forbundsstyret seinast fem månader før landsmøtet. Forslag som kjem inn for seint, kan ikkje bli handsama av landsmøtet. Landsmøtedokumenta, innstillingane til vedtak og forbundsstyret sitt forslag til endeleg dagsorden skal sendast regionlaga og landsmøtedelegatane seinast to månader før landsmøtet samlast.

7. Landsmøtet gjer vedtak om endeleg dagsorden og forretningsorden.
8. Ved røysting på landsmøtet har kvar landsmøtedelegat éi røyst. Saker blir avgjorde med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal blir forslaget forkasta. For endringar i vedtektene krevst det 2/3 fleirtal. Forbundsstyret sine medlemmar har ikkje røysterett i saker som gjeld ansvarsfridom for vedtak dei har vore med på. I slike saker har dei berre tale- og framleggsrett.
9. Regionlaga dekkjer reise- og opphaldsutgifter for delegatane dersom ikkje anna er avtalt med lokallaga.

## § 8 Landsmøtet sine plikter

Landsmøtet skal:

1. Godkjenne landsmøtedelegatane.
2. Vedta og oppdatere strategiske langtidsplanar.
3. Handsame og fatte vedtak om innkomne forslag.
4. Velje forbundsstyre som består av leiar, 1. og 2. nestleiar, seks styremedlemmar og tre varamedlemmar. Styret sine medlemmar blir valde for tre år om gongen. Medlemmar som har tilsetjingsforhold i organisasjonen, er ikkje valbare til tillitsverv i NJFF sentralt.
5. Fastsetje godtgjersle for forbundsstyret.
6. Velje ein valkomité som består av ein leiar og seks medlemmar. Desse skal kome frå ulike regionar, og det bør sikrast kjønns- og aldersbalanse. Valkomitéen blir vald for éin landsmøteperiode om gongen. Eit medlem i valkomitéen kan attveljast for maksimum éin periode. Leiar kan ikkje ta attval.
7. Vedta eventuelle endringar i NJFF sine vedtekter.
8. Fastsetje medlemskontingenten. Forbundsstyret får høve til å justere medlemskontingenten for dei to påfølgjande driftsåra etter landsmøtet i tråd med konsumprisindeksen.

## § 9 Representantskapet

Representantskapet består av dei til ei kvar tid sitjande leiarane i forbundet sine regionlag. Nestleiar i regionlaget fungerer som personleg varamedlem for leiaren. Styret i regionlaget peikar ut eventuell vara for regionleiaren. Medlemmane av forbundsstyret og generalsekretæren deltek på representantskapsmøta med framleggs- og talerett, men utan røysterett.

## § 10 Representantskapet sin forretningsorden

Representantskapsmøte blir ordinært halde to gonger i året. Møtet, med dagsorden, blir kalla inn med fem vekers varsel.

Representantskapet konstituerer seg sjølv for kvart møte. Vårmetet skal handsame saker i samsvar med § 11 punkt 1, 3, 4, 5, 8, 9, 11, og haustmøtet skal handsame saker i samsvar med § 11 punkt 2, 3, 4, 6, 7, 8, 9, 10. Ekstraordinært møte i representantskapet skal kallast inn når forbundsstyret eller minst 1/3 av representantskapet sine medlemmar krev det. Avgjerder blir tatt med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal blir forslaget forkasta. Det skal førast vedtaksprotokoll som blir sendt til alle foreiningar og regionlag. Representantskapet vel protokollførar.

## § 11 Representantskapet sine plikter

Representantskapet skal:

1. Handsame og fatte vedtak om forbundet sitt rekneskap og årsmelding for det førre kalenderåret.
2. Vedta budsjett og arbeidsprogram i samsvar med handlingsprogrammet for kommande år.
3. Ha tilsyn med at vedtekne avgjerder er utførte i tråd med føresetnadene.
4. Kontrollere at forbundet sine midlar blir brukt i samsvar med gitte føresegner og vedtak.
5. Velje styre for NJFF sitt fond.
6. Tilrå utnemning av æresmedlemmar og ta avgjerder om andre påskjøningar etter innstilling frå forbundsstyret.
7. Etter innstilling frå forbundsstyret tildele personar som har gjort ein særleg innsats for forbundet, forbundet sitt merke i gull.
8. Ta avgjerder om andre saker som står oppførte på dagsorden.
9. Handsame forslag frå forbundsstyret om stryking eller eksklusjon av tilslutta foreiningar. Avgjerder etter denne føresegna kan ankast til landsmøtet. Anken har ikkje utsetjande verknad. Ein representant frå den aktuelle foreininga kan møte på landsmøtet under handsaminga av saka.
10. Velje revisor.
11. Vedta reglar for domsutvalet og retningslinjer for sakshandsaminga i sanksjonssaker.
12. Representantskapet sine medlemmar møter på landsmøtet som deltakarar for dette organet.

## § 12 Forbundsstyret

Forbundsstyret består av ein leiar, 1. og 2. nestleiar, seks styremedlemmar og tre varamedlemmar. I tillegg kjem dei tilsette sin valde representant, som møter i styret med fulle rettar, og har ein personleg varamedlem. Generalsekretæren deltek med tale- og framleggsrett. Forbundsstyret sine medlemmar kan ikkje samtidig vere leiar eller nestleiar i eit regionlag.

## § 13 Forbundsstyret sine plikter

Dagsorden, sakspapir og administrasjonen sine forslag til innstillingar skal sendast ut til styremedlemmar og varamedlemmar seinast fem verkedagar før møtet.

Over forhandlingane i forbundsstyret blir det ført protokoll som også blir gjort tilgjengeleg for NJFF sine andre organ.

Forbundsstyret sine plikter er:

1. Representere forbundet, utøve den administrative myndigheita, handheve vedtektene og ivareta forbundet sine saker overfor dei tilslutta foreiningane og regionlaga. Desse skal haldast informerte om viktige avgjerder i forbundsstyret.
2. Medverke til oppretting av nye foreiningar og hjelpe desse med råd og opplysningar.
3. Handsame og fatte vedtak i saker av interesse for forbundet, eventuelt etter høyring i organisasjonen. Saker av vesentleg prinsipiell betydning skal leggjast fram for landsmøtet dersom mogleg.
4. Fastsetje tidspunkt for ordinære og eventuelle ekstraordinære landsmøte. Leggje fram årlege reviderte rekneskap med revisor si melding og styret sitt forslag til verksemdmelding for representantskapet.
5. Leggje fram forslag til budsjett og arbeidsprogram for representantskapet.

6. Tilrå tildeling av forbundet sitt gullmerke overfor representantskapet og vedta tildeling av NJFF sin innsatsmedalje.
7. Tilsetje forbundet sin generalsekretær.
8. Handsame og leggje fram forslag til strategiske langtidsplanar for landsmøtet.
9. Oppnemne utval etter behov.
10. Oppnemne medlemmar til forbundsstyret sine utval. Så langt det er mogleg skal styremedlemmar bli oppnemnde som leiarar av utvala. Forbundet sine utval er underlagde forbundsstyret og skal fungere som faglege og rådgivande organ for dette. Forbundsstyret utarbeider retningslinjer for utvala.
11. Vedta prinsipp for sakshandsaming.
12. Fordele medlemskontingenten.
13. Oppnemne ein fullmaktskomité på tre medlemmar til landsmøtet blant dei valde landsmøtedelegatane.
14. Foreslå normer for domsutvalet, og retningslinjer for sakshandsaming, til representantskapet.
15. Handsame saker om eksklusjon eller suspensjon av medlemmar frå heile organisasjonen, enten på eige initiativ eller etter innstilling frå foreiningar.
16. Tilrå overfor representantskapet eksklusjon av foreiningar frå forbundet.
17. Vurdere justering av medlemskontingenten for dei to påfølgjande driftsåra etter landsmøtet i samsvar med konsumprisindeksen.

## § 14 Domsutval

Domsutvalet er organisasjonen si høgaste dømmende myndigheit i saker som gjeld etterleving av vedtektene i heile organisasjonen, suspensjon eller eksklusjon av medlemmar.

Domsutvalet kan, etter førespurnad frå forbundsstyret, bidra i forhandlingar for å førebyggje konflikter i organisasjonen og/eller avgjere saker der andre organ/medlemmar er einige om å be om det, og saka gjeld forbundet eller forbundet sine medlemmar eller organ.

Domsutvalet har ei viktig rolle i å utvikle ei einsarta praktisering av NJFF sine reglar over heile landet for å sikre ei mest mogleg lik, rettferdig og føreseieleg handtering av reglar og reaksjonar. Administrasjonen i NJFF skal bidra til dette gjennom å arkivere alle avgjerder på ein slik måte at det legg til rette for ein tydeleg praktisering av reglane, samtidig som det tek omsyn til god arkivskikk og personvern. Avgjerder skal, så langt det er mogleg, vere tilgjengelege for medlemmane, men saker som gjeld enkeltmedlemmar må ikkje offentleggjerast på ein slik måte at personen enkelt kan identifiserast.

Administrasjonen i NJFF fungerer som sekretariat for domsutvalet. Dei har ansvar for å ta imot saker til handsaming, varsle leiar i domsutvalet, arkivere saker, overhalde datatilsynet sine reglar om personvern og formidle avgjerder på ein måte som legg til rette for læring og god forståing av NJFF sine vedtekter og handtering av tvistar

## § 15 Domsutvalet si samansetjing og utnemning

Domsutvalet består av fem medlemmar og bør ha ein representant frå kvar landsdel.

Medlemmane blir utnemnde av forbundsstyret for ein periode på fem år og kan berre seiast opp i funksjonstida dersom leiar i domsutvalet ber forbundsstyret om det. Medlemmar i domsutvalet bør

ha god organisatorisk og juridisk kompetanse. For å sikre uavhengigheit kan dei ikkje vere tilsette i NJFF eller vere medlemmar i representantskapet eller forbundsstyret.

Dersom ein medlem trekkjer seg i perioden, skal forbundsstyret oppnemne ein ny medlem.

Domsutvalet skal ha ein leiar, utnemnd av forbundsstyret, med juridisk embetseksamen. Leiaren har ansvar for organiseringa av utvalet sitt arbeid, kontakt med administrasjonen og andre organ i forbundet, og avgjerder om arbeidsforma til utvalet i dei enkelte sakene.

---

## Regionlag

### § 16 Spesielle reglar for regionlaga

# NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND -SOGN OG FJORDANE

#### 1. *Regionlaget sitt namn*

Regionlaget sitt namn er Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane, forkorta NJFF Sogn og Fjordane.

#### 2. *Føremål*

Regionlaget sitt føremål er det same som for NJFF sentralt.

Regionlaget er ei samanslutning av alle foreiningane som er tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund i regionen og fungerer som det organisatoriske bindeleddet mellom sentralleddet i NJFF og foreiningane/laga. Regionlaget har eit spesielt ansvar for å ivareta organisasjonen sitt føremål elles i samfunnet på regionnivå.

#### 3. *Regionlaget sine leiande organ*

Regionlaget sine leiande organ er:

1. Årsmøte
2. Ekstraordinært årsmøte
3. Styret

#### 4. *Regionlaget sitt årsmøte*

Regionlaget si høgaste myndigheit er årsmøtet. Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 31. mars og skal kallast inn med åtte vekers skriftleg varsel. Forslag som foreiningane ønskjer handsama på årsmøtet, skal vere komne inn til styret seinast to veker før årsmøtet. Styret sitt forslag til dagsorden, saman med årsmelding, rekneskap og andre saksdokument, skal sendast til foreiningane seinast éi veke før årsmøtet. Det skal førast protokoll frå årsmøtet. Den skal gjerast kjent for regionlaget sine medlemsforeiningar.

Årsmøtet kan ikkje ta avgjerder i andre saker enn dei som er oppførte i innkallinga.

Foreiningar med inntil 200 medlemmar kan sende to representantar til årsmøtet. Foreiningar med fleire medlemmar kan sende éin ekstra representant for kvar påbegynte 200. medlem, opp til seks representantar. Deretter blir det gitt éin representant per 300 medlem. Regionlaget sitt styre kjem i tillegg til det gitte talet på delegatar.

Representantane må ha fylt 14 år for å ha røysterett.

(Regionlaget kan justere fordelinga av representasjonen sjølv.)

Medlemmar frå foreiningane som er utnemnde til NJFF sine sentrale utval, samt regioninstruktørar, blir kalla inn til årsmøtet. Desse har tale-, men ikkje framleggs- og røysterrett, såframt dei ikkje møter som representantar for ei foreining.

På årsmøtet skal følgjande saker handsamast:

1. Konstituering av møtet
  - Godkjenning av representantar
  - Godkjenning av innkalling
  - Godkjenning av dagsorden
  - Godkjenning av forretningsorden
  - Val av ordstyrar
  - Val av sekretær
  - Val av teljekorps
  - Val av to delegatar til å underskrive protokollen
2. Årsmelding frå siste kalenderår
3. Revidert rekneskap frå siste kalenderår
4. Innkome saker med styret sitt forslag til vedtak
5. Andre saker som styret har ført opp på dagsorden
6. Styret sitt forslag til årsplan og budsjett
7. Val av styre i samsvar med punkt 6, Regionlaget sitt styre
8. Val av leiarar til årsmøteopnemnde utval
9. Val av valkomité på tre medlemmar, inkludert leiar, geografisk fordelt så langt som mogleg. Medlemmane blir valde for tre år, rullerande slik at éin person er på val kvart år.
10. Val av revisor(ar) og vararevisor for eitt år.
11. Etter innstilling frå valkomitéen val av delegatar til landsmøtet. Delegatane må ha gyldig medlemskap i ein av regionen sine lokalforeiningar.

(Regionlaga kan sjølv utvide denne lista.)

Dersom ikkje anna er bestemt, blir alle saker avgjorde med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal blir forslaget forkasta, bortsett frå personval der det blir gjennomført loddtrekning. Val skal vere skriftlege dersom det finst fleire forslag og nokon krev skriftleg avstemming.

Ingen representantar har meir enn éi røyst. Regionlaget sitt styre har ikkje røysterrett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap.

NJFF sitt sentralledd har rett til å vere representert på regionlaget sine års- og styremøte med talerett.

## **5. Ekstraordinært årsmøte**

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller dersom eit tidlegare årsmøte har vedteke det, eller minst  $\frac{1}{4}$  av dei tilslutta foreiningane/laga eller forbundsstyret krev det.

Innkalling til ekstraordinært årsmøte, saman med dagsorden, skal sendast ut med minst 14 dagars varsel. Møtet skal ikkje fatte vedtak i andre saker enn dei som er oppførte i innkallinga. Elles gjeld dei same reglane som for ordinært årsmøte.

Det skal først protokoll frå ekstraordinært årsmøte, og denne skal gjerast kjent for medlemmane.

## 6. Regionlaget sitt styre

Regionlaget blir leia av eit styre på minimum fem personar, som består av leiar, nestleiar, økonomiansvarleg, barne- og ungdomsansvarleg, kvinnekontakt og eventuelle andre styremedlemmar.

Elles konstituerer styret seg sjølv etter gjeldande satsingsområde.

Styret blir valt for to år om gongen, men slik at om lag halvparten av styret er på val kvart år.

I tillegg blir det kvart år valt to varamedlemmar til styret.

For å vere valbar til styret må vedkommande ha gyldig medlemskap.

Styret består minimum av årsmøtevald:

- Leiar
- Nestleiar
- Økonomiansvarleg
- Barne- og ungdomsansvarleg
- Kvinnekontakt

## 7. Styret sitt arbeid

Styret skal:

1. Representere NJFF i sin region, utøve administrativ myndighet, handheve vedtektene og ivareta regionen sine interesser hos foreiningar og dei regionale myndighetene.
2. Følgje vedtekne strategiske planar.
3. Forberede, handsame og fatte vedtak i saker av interesse for regionen.
4. Avhalde møter med leiarar/styre i foreiningane for å drøfte viktige saker av felles interesse.
5. Sende saker på høyring til foreiningane.
6. Fastsetje tidspunkt for ordinære og eventuelle ekstraordinære årsmøte.
7. Leggje fram årsmelding og rekneskap med revisorrapport om regionlaget si verksemd i kalenderåret for årsmøtet. Oppdatere liste over tillitsvalde for regionlaget i NJFF sitt medlemsregister og i Brønnøysundregisteret.
8. Utarbeide forslag til årsplan i samsvar med NJFF sine sentralt vedtekne strategiar og budsjett for kommande år til årsmøtet.
9. Ved behov oppnemne eigne utval og medlemmar i desse, samt utarbeide arbeidsinstruks med mandat for utvala.
10. Foreslå tildeling av eventuelle heidersteikn.
11. Oppnemne regioninstruktørar innan aktuelle innsatsområde.
12. Utarbeide instruks for regionlaget sine tilsette.
13. Arbeide for fordeler for foreiningar og medlemmar, inkludert moglegheiter for økonomisk støtte til regionlaget og foreiningane.
14. Bidra til oppretting av nye foreiningar, eventuelt samanslåing av eksisterande foreiningar der det er behov, og hjelpe desse med råd og opplysningar.



## 15. Avgjere tvistar mellom foreiningar.

(Regionlaget kan sjølv utvide denne temalista med fleire punkt.)

Styret er beslutningsdyktig når minst halvparten av styremedlemmane, inkludert varamedlemmar, er til stades. Vedtak blir fatta med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal blir forslaget forkasta. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte, og denne skal gjerast kjent for medlemsforeiningane.

## 8. Regnskapsrevisjon

Rekneskapen skal reviderast av revisor(ar) valde av årsmøtet. Revisjonen gir si innstilling om rekneskapen til årsmøtet.

## 9. Oppløysing av regionlag

Dersom det ligg føre eit grunngjeve forslag om oppløysing av regionlaget, skal forbundsstyret handsame dette etter retningslinjer for oppløysing og samanslåing av regionlag og lokalforeiningar/-lag. Dersom det blir vedteke å oppløyse regionlaget, skal regionlaget sine midlar disponerast av NJFF til å fremje forbundet sitt føremål i regionen.

## 10. Vedtektsendringar

Regionlaget er forplikta av NJFF sine vedtekter vedtekne av landsmøtet.

Forslag til endringar i dei delane av vedtektene som regionlaget sjølv kan tilpasse, krev 2/3 fleirtal på årsmøtet for å bli vedtekne. Vedtektsendringane må godkjennast av NJFF sentralt for å vere gyldige. Desse endringane kan også bli førehandsgodkjende av NJFF sentralt.

NJFF Sogn og Fjordane vart etablert i 1965

Revidert av årsmøtet 25.03.2000

Revidert 12.03.2016

Gjeldande vedtekter er i hh til vedtektsnorm for regionlag som vart vedtatt på NJFF sitt landsmøte

14.11.2021

Revidert av årsmøtet 26.03.2023

Revidert av landsmøte 2024

---

## Lokalforeiningar og -lag

### § 17 Spesielle reglar for foreiningar og lag

Følgjande spesifikke reglar gjeld for den/det enkelte foreininga/laget:

#### 1. *Namn*

Foreininga/laget sitt namn er ....., forkorta .....

#### 2. *Føremål*

Foreininga/laget sitt føremål er det same som NJFF nasjonalt. Arbeidet i foreininga/laget skal bygge på NJFF sine gjeldande strategidokument.

(Foreininga kan sjølv utvide føremålsbeskrivinga for å konkretisere føremålet.)

#### 3. *Styrande organ*

Foreininga/laget sine styrande organ er:

- a) Årsmøte
- b) Ekstraordinært årsmøte
- c) Styret

#### 4. *Årsmøte*

Årsmøtet skal haldast kvart år før 31. mars. Årsmøtet skal kallast inn av styret minst fire veker før møtet. Innkallinga skal vere skriftleg og personleg. I tillegg skal innkallinga kunngjerast på lokallaga sine nettsider i NJFF-portalen. Forslag til saksliste for møtet skal følgje innkallinga. Innsende saker til årsmøtet skal vere skriftlege og ha kome inn til styret seinast to veker før møtet. Styret handsamar endeleg forslag til saksliste, som skal gjerast kjent for medlemmane seinast éi veke før møtet. Det skal førast protokoll frå årsmøtet. Denne skal gjerast kjent for medlemmane.

Det skal ikkje tas avgjerder i andre saker enn dei som er oppførte i innkallinga.

På kvart årsmøte skal følgjande saker handsamast:

1. Konstituering av møtet
  - Godkjenning av innkallinga
  - Godkjenning av dagsorden
  - Godkjenning av forretningsorden
  - Val av ordstyrar
  - Val av sekretær
  - Val av teljekorps
  - Val av to medlemmar til å underskrive protokollen
2. Årsmelding frå siste kalenderår
3. Revidert rekneskap frå siste kalenderår

4. Innkomne saker med styret sitt forslag til vedtak
5. Styret sitt forslag til årsplan (arbeidsprogram) og budsjett
6. Styret sitt forslag til kontingentnivå (låg, middels, høg sats)
7. 14, Val av styre i samsvar med punkt 6 Styret
8. Val av valkomité på tre medlemmar
9. Val av revisor(ar)
10. Val av utsendingar til regionlaget sitt årsmøte

Dersom temaa er relevante, skal også desse handsamast på årsmøtet:

11. Foreininga si utvalsstruktur og val av medlemmar til utval etter behov
12. Styringsdokument for foreiningsdrifta
13. Utnemning av æresmedlemmar
14. Vedtektsendingar med utgangspunkt i § 18
15. Andre saker som styret har ført opp på dagsorden

(Foreininga kan sjølv utvide temalista om behov.

Årsmøtet skal ha tilsyn med at tidlegare avgjerder er utførte i samsvar med føresetnadene.

Saker blir avgjorde med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal blir forslaget forkasta, bortsett frå personval der det blir gjennomført loddtrekning. Personval skal vere skriftlege dersom det ligg føre fleire forslag og nokon krev skriftleg røysting. Ingen som er til stades har meir enn éi røyst,. Det er ikkje høve for fullmakter. Foreininga/laget sitt styre har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap.

Totalt inntil to representantar frå sentralleddet og/eller regionorganisasjonen har rett til å vere til stades med talerett.

## **5. Ekstraordinært årsmøte**

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller når eit tidlegare årsmøte har vedteke det, eller når 1/3 av medlemmane krev det skriftleg.

Innkalling til ekstraordinært årsmøte, saman med dagsorden, skal følgje same prosedyre og med minst 14 dagars varsel. Møtet kan ikkje fatte vedtak i andre saker enn dei som er oppførte i innkallinga.

Det skal førast protokoll frå ekstraordinært årsmøte. Denne skal gjerast kjent for medlemmane.

Totalt inntil to representantar frå sentralleddet og/eller regionorganisasjonen har rett til å vere til stades med talerett.

## **6. Styret**

Foreininga/laget blir leia mellom årsmøta av eit styre på minimum tre medlemmar, som blir valde av årsmøtet for to år om gongen, samt varamedlem(mar) som blir valde for eitt år om gongen. Det er ønskjeleg at halve styret er på val kvart år. Leiar blir vald først og særskilt. Årsmøtet vel også særskilt nestleiar og økonomiansvarleg. For å vere valbar til styret må vedkommande ha gyldig medlemskap.

Styret består minimum av årsmøtevald:

- Leiar
- Nestleiar
- Økonomiansvarleg
- Varamedlem

Styremøte blir halde når leiar bestemmer det, eller når minst tre medlemmar av styret krev det. Styret er beslutningsdyktig når meir enn halvparten av styremedlemmane er til stades. Vedtak blir fatta med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal har leiar dobbeltstemme. Styret er kollektivt ansvarleg for drifta av foreininga/laget og for dei vedtak som blir gjorde.

Det skal førast protokoll frå kvart styremøte. Denne skal gjerast kjent for medlemmane.

## 7. Styret sine plikter

Styret skal:

1. Verne om foreininga/laget sine interesser, forvalte midlane, handheve vedtektene og foreininga/laget sine andre retningslinjer.
2. Gjennomføre årsmøte og følgje opp dei sakene som blir vedtekne der.
3. Leggje fram for årsmøtet eventuelle forslag om utnemning av æresmedlemmar og om tildeling av NJFF sine diplom eller gullmerke for vidare handsaming i NJFF sitt forbundsstyre.
4. Rapportere årsmelding og rekneskap til NJFF sentralt kvart år. Oppdatere liste over tillitsvalde i NJFF sitt medlemsregister og i Brønnøysundregisteret.
5. Arbeide for foreinings- og medlemsfordelar, inkludert moglegheiter for økonomisk støtte.
6. Ivareta foreininga/laget sitt arkiv.
7. Handsame og fatte vedtak om suspensjon og eksklusjon overfor medlemmar i foreininga/laget i sanksjonssaker. Styret kan innstille til forbundsstyret, etter vedtak om suspensjon og eksklusjon, om at dette skal gjelde for heile organisasjonen. Vedtak om eksklusjon kan ankast til NJFF sitt domsutval.
8. Handsame og fatte vedtak om tap av verv og rettar overfor medlemmar i foreininga/laget.

(Foreininga kan sjølv føye til fleire plikter i opplistinga.)

## 8. Rekneskapsrevisjon

Rekneskapan følgjer kalenderåret og skal reviderast av revisor(ar) valde av årsmøtet. Revisjonen gir si innstilling om rekneskapan til årsmøtet.

(Foreininga kan sjølv gjere tillegg i denne paragrafen.)

## 9. Vedtektsendringar

Foreininga er forplikta av NJFF sine vedtekter vedtekne av landsmøtet. Dersom landsmøtet gjer endringar i vedtektene, gjeld desse for alle organisasjonsledd.

Forslag til endringar i dei delane av vedtektene som foreininga sjølv kan tilpasse, krev 2/3 fleirtal på årsmøtet for å bli vedtekne. Vedtektsendringar må godkjennast av NJFF sentralt for å vere gyldige. Vedtektsendringane kan førehandsgodkjennast av NJFF sentralt.

### *10. Utmelding av NJFF*

Utmelding av NJFF krev 2/3 fleirtal i eit ordinært årsmøte og i eit påfølgjande ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Det siste kan tidlegast haldast tre månader etter det ordinære årsmøtet der utmeldinga vart vedteken. Dersom utmelding av NJFF er eit forslag til eit årsmøte, skal regionlaget varslast minst éi veke før møtet.

Lovleg gjord vedtak om utmelding må meldast til NJFF sentralt innan 1. september og trer i kraft frå første årsskifte etter endeleg vedtak.

Dersom foreininga/laget trekkjer seg frå NJFF utan gyldig vedtak i samsvar med desse vedtektene, kan NJFF sitt forbundsstyre vedta at NJFF sitt regionlag skal overta foreininga/laget sine eigendelar på tidspunktet for uttrekking til fremje av forbundet sitt føremål i området.

### *11. Oppløysing av foreininga/laget*

Dersom det ligg føre eit grunngjeve forslag om oppløysing, skal styret handsame dette og leggje det fram for årsmøtet. Endeleg avgjerd krev 2/3 fleirtal for oppløysing i to påfølgjande årsmøte. Dersom det siste årsmøtet ikkje har fatta eit gyldig vedtak om disponering av foreininga sine midlar, kan NJFF sitt forbundsstyre vedta at midlane skal disponerast av NJFF sitt regionlag til fremje av forbundet sitt føremål i kommunen eller distriktet.

Dersom foreininga sjølv ikkje klarer å gjennomføre årsmøte, ligg avgjerda om oppløysing hos regionlaget sitt styre.

### *12. Andre føresegner*

I tillegg til reglane i desse vedtektene, samt eventuelle justeringar som foreininga/laget sjølv har vedteke i dei tidlegare punkta, har foreininga/laget fastsett følgjande :

## § 18 Lokale endringar/tillegg

Foreiningane/laga justerer sjølv følgjande punkt oppgitt i § 17:

1. Foreininga/laget sitt namn og forkorting, fyllast inn.
2. Foreininga/laget kan utvide føremålsbeskrivinga for å konkretisere formålet.
4. Foreininga/laget kan sjølv utvide temalistene for årsmøtet.
6. Foreininga/laget fastset sjølv talet på styremedlemmar og varamedlemmar, og spesifiserer dei andre funksjonane som styremedlemmane skal representere.
7. Foreininga/laget kan leggje til fleire oppgåver som styret skal ha.
12. Her kan foreininga/laget leggje inn anna innhald som den/det ønskjer å ha med i sin del av vedtektene.

Justeringar som foreiningane/laga sjølv vedtek, må ikkje vere i konflikt med andre føresegner i vedtektene.

---

## Andre føresegner

### § 19 Organisasjonen sitt rekneskapsår

Alle organisasjonsledd skal ha kalenderåret som rekneskapsår.

### § 20 Endring av vedtektene

Endring av vedtektene i denne lova kan gjerast av landsmøtet med 2/3 fleirtal. Endringane vil gjelde for alle organisasjonsledd frå tidspunktet for endringa eller frå eit anna tidspunkt som landsmøtet vedtek.

### § 21 Forbundet si oppløysing

Dersom det blir lagt fram forslag om oppløysing av forbundet frå eit av NJFF sine organ, skal forslaget leggast fram for landsmøtet for handsaming og vedtak. For å vedta oppløysing krevst 2/3 fleirtal i to påfølgjande landsmøte. I tilfelle av oppløysing overtar Det Kongelige Selskap for Norges Vel forbundet sine midlar og eigendelar til forvaltning til fremje av Norges Jeger- og Fiskerforbund sitt formål, slik det er uttrykt i vedtektene § 2.

### § 22 Ikraftsetjing

Vedtektene trer i kraft med det same dei er vedtekne, med mindre det er spesifisert at enkelte føresegner har ei utsett ikraftsetjing.